

Til styret/ledelsen ved ILOS

Innspill fra fagmiljøet tysk/nederlandsk om nederlandskfagets framtid og stillingsplanen ved ILOS

A. Nederlandsfagets framtid

I en mail fra 28. mai og på vegne av styret stilte instituttlederen følgende spørsmål til tyskavdelingen:

1. Hva er de faglige grunnene til at vi eventuelt også fremover skal tilby nederlandsk?
2. Hva er samarbeidsmulighetene mellom tysk og nederlandsk?
3. Hvordan kan tysk og nederlandsk berike hverandre strategisk? Gjelder både forskning og undervisning.
4. Er det mulighet for å ta hensyn til nederlandsk i en av de to stillingene for tysk som ligger i stillingsplanen? Eller bør nederlandsk dekkes av en annen (type) stilling?

Ad 1: Det er vår enstemmige holdning at nederlandsk bør opprettholdes som fag ved ILOS: vi har gode studenttall (med en tydelig økning etter 2015 fram til i dag) og høyt motiverte studenter. Nederlandsk er et viktig europeisk språk som også spiller en rolle på globalt nivå, og ILOS er det eneste høyere utdanningsstedet i Norge som tilbyr faget.

Det er viktig at ILOS satser på små fag. For tiden undervises nederlandsk som 40-gruppe (språk, litteratur, kultur), og vi ønsker at denne praksisen videreføres. Vi foreslår derfor at det utlyses en førsteamanuensisstilling i nederlandsk. Denne stillingstypen ville best tilsvare fagets behov og omfang (se også vedleggene *Verdien av å ha nederlandsk ved UiO* og *Framlegg til stillingar i nederlandsk*, begge to fra Ronny Spaans, timelærer for nederlandsk, etter avtale med tyskavdelingen).

Ad 2 og 3: Grunnet den uventede oppsigelsen av Ingeborg Sanner er situasjonen for tiden ganske uklar. Avdelingen er åpen for et samarbeid, men hvordan det blir er jo meget personavhengig. Vi bør derfor avvende resultatet av en (eventuell) stillingsutlysning. De siste årene har samarbeidet stort sett vært begrenset til sensurering av eksamensoppgaver. Dessuten har Ronny Spaans veiledet en MA-oppgave i tysk litteratur der én nederlandsk roman inngikk.

Ad 4: Det er vår enstemmige mening at situasjonen i nederlandsk ikke bør påvirke den aktuelle stillingsplanen for tyskfaget (se også del B nedenfor), dvs. at de to stillinger i tysk bør utlyses uavhengig av en eventuell stilling i nederlandsk.

B. Stillingsplanen ved ILOS

Tyskfaget går et omfattende generasjonsskifte i møte, og vi trenger de to tyskstillingene fra stillingsplanen som allerede er forsinket. Behovet for disse stillingene er meget godt begrunnet i stillingsplanen 2018-2022 (s. 9), og vi ser ingen grunn til å fravike denne argumentasjonen. Minst én av stillingene bør komme så raskt som mulig. Anneliese Pitz (tysk språk) kommer til å slutte i juli 2021, og vi foreslår derfor å prioritere språkstillingen.

På vegne av tyskavdelingen
Heinz-Peter Prell (fagansvarlig)

Oslo, 10. juni 2020

2 vedlegg

Vedlegg 1: Verdien av å ha nederlandsk ved UiO (av Ronny Spaans)

I dette skrivet vil peike på viktige moment knytte til nederlandsk som ikkje kjem fram i skrivet frå ILOS. I 2013 vart professoratet i nederlandsk lagt ned saman med nederlandsk som fullt studiefag. Nederlandsk levde likevel vidare som 40-gruppe, og denne gruppa har vist seg å vera særskilt levedyktig og robust til å vera eit lite språkfag ved ILOS, sjå grafen over utviklinga til faget som blir sendt inn saman med dette skrivet. **Sist år hadde dei tre kursa som høyrer til 40-gruppa, til saman 36 studentar som tok eksamen, som til saman produserte 460 studiepoeng. Det er eit høgt tal i jamføring med andre små språkfag ved ILOS.**

Nederlandsk ved UiO har fungert som eit midtpunkt for forskning, formidling og undervisning i nederlandsk språk, litteratur og kultur i Noreg. Det er difor mange grunnar til å bevare nederlandsk:

1. Nederlandsk er eit av dei store språka i Europa, med 22 millionar brukarar til saman (i Nederland og Belgia) – det er fleire enn alle skandinaviske språk til saman. **Kompetanse i nederlandsk er etterspurd i Noreg, mellom anna ved språksenteret til Utanriksdepartementet.** For augneblinken underviser eg fem personar (diplomatar, politimenn og juristar) som skal utstasjonert i Haag (både ved den norske ambassaden, Europol og Eurojust). Å satse på nederlandsk er i samsvar med Humaniorastrategi for UiO. Der står det mellom anna HF har «faglig bredde», «samfunnsrelevans» som mål.
2. Nederland var på 1600-talet sentrum for internasjonal handel og samtidig sentrum for vitskapsutvikling og medisinsk praksis i Europa. **Den store kartsamlinga som nyleg vart kjøpt inn til Nasjonalbiblioteket – Ginsberg-samlinga på om lag 2000 kart – er samansett av hovudsakleg nederlandske kart, der informasjonen er på nederlandsk. Erling Sandmo, som døydde i år og var leiar ved senteret, sa senteret vil vera avhengig av nederlandsk kompetanse for at forskning på karta skal vera mogeleg.**
3. I Nederland skreiv filosofane Descartes og Spinoza dei viktigaste verka sine, her la Hugo Grotius fundamentet for internasjonal rett, her oppfann Anton van Leeuwenhoek mikroskopet, og her la Jan Swammerdam grunnlaget for biologi som vitskapleg disiplin. **Kjende internasjonale forskarar som Harold J. Cook ved Brown University og Pamela H. Smith ved Columbia University har nyleg påpeika at Nederland har vore underkommunisert i natur- og vitskapshistorisk forskning.** Det har ført til ei mengd av artiklar og bøker om kulturen og kunsten i den nederlandske gullalderen dei seinaste åra. Sjå til dømes monografiane til Eric Jorink, Claudia Swan og Anne Goldgar – forskarar som har vunne internasjonale prisar. **Om språkfag ved HF heiter det eksplisitt i Humaniora-strategien at «På UiO ligger det store muligheter for at studier av språk i større grad enn i dag kan kombineres med for eksempel økonomi, statsvitenskap, antropologi, og fag innen naturvitenskapene».**
4. **Den koloniale historia til Nederland – med Surinam, øyane i Karibia (det som heitte Dei nederlandske Antillane) og Indonesia – gjer nederlandsk kultur og litteratur attraktiv for satsingsområde ved UiO. I Humaniorastrategi for UiO heiter det at «Humaniora ved UiO er en naturlig base for tverrfaglige områdestudier. Med kompetanse på språk, kultur og historie i ulike deler av verden har humaniora spesielle forutsetninger for å beskrive den globale utviklingen, der dynamikken i spillet mellom ulike faktorer ivaretas».** I litteratur- og kulturkurset i nederlandsk har vi nettopp vektlagt den globale historia med bøker av

surinamske forfattarar med nederlandsk morsmål og bøker om europeisk nærvær i Indonesia.

5. I denne samanhengen bør òg afrikaans nemnast, med ca. 7 million brukarar i Sør-Afrika og Namibia (i tillegg har 9 millionar afrikaans som andre eller tredje språk). I post-apartheid tid har afrikaans stige fram som eit språk ikkje lenger er knytt til ein kvit herreklasser, men som er ein naturleg del av regnboge-nasjonen Sør-Afrika. Faktisk er det fleire «farga» brukarar av afrikaans enn kvite. Avstanden mellom afrikaans og nederlandsk er om lag som mellom norsk og dansk, og afrikaans har difor vore ein del av undervisninga i nederlandsk ved UiO.

Afrikaans er ein del av den globale historia til nederlandsk – det er òg i samsvar med satsningsområda til HF.

6. Formidling og omsetjing av nederlandsk litteratur til norsk. Dei som har omsett nederlandsk litteratur til norsk – fag- som skjønnlitteratur – har bakgrunn i nederlandsk ved UiO: Egil Rasmussen har mellom anna sett om Hugo Claus' *Belgias sorg* (2002) og Geert Maks *USA – en reise* (2013) til norsk, medan Guro Dimmen har sett om Kader Abdolahs *Min fars notatbok* (2008) og David Van Reybroucks *Kongo. Historien om Afrikas hjerte* (2011). Desse bøkene har fått stor merksemd i europeisk og amerikansk ålmente, medrekna den norske. Rasmussen og Dimmen har begge studert nederlandsk i Oslo, Dimmen har hovudfag i faget. **Nederlandsk ved HF bidreg såleis til at norske lesarar får del i viktige moderne kulturimpulsar.** Nederlandsk høyrer til dei store kulturspråka. Det bør finnast formidlings- og omsetjingskompetanse på språket i Noreg.
7. Nederlandsk finst ikkje lenger som studiefag, men då det fanst som studiefag, var det like levedyktig som andre språkfag det er naturleg å jamføre nederlandsk med, som portugisisk som enno har eit professorat knytt til seg og er eit studiefag. Nederlandsk har produsert like mange hovudfag/mastergradsoppgåver som portugisisk: 8 stykke.
8. Nederlands posisjon som verdsdikt på 1600-talet har ikkje minst hatt innverknad på norsk søge. Det var nederlendarar som kartla landet vårt, og det var med nederlandske skip nordmenn reiste til andre delar av verda. På 1600-talet budde det 13 500 nordmenn i Amsterdam; det skulle ta hundre år før Bergen som Noregs største by fekk så mange innbyggjarar. **Amsterdam kan dermed kallast «Noregs største by» på 1600-talet. «De gjorde oss til en handelsnasjon», er overskrifta på ein artikkel som nyleg stod på trykk i Aftenposten** (sjå fyrste nummer av Aftenposten historie i år). **Å forske på nederlandsk kultur tyder altså å forske på norsk kulturarv** – noko som er i samsvar med Humaniora-strategien, der står det at HF skal «opprettholde, utvikle og formidle ekspertise på kultur- og naturarv». I seinare tid har det kom ut bøker om nederlandsk-norske tilhøve på 1600-talet: Margit Løylands *Hollendertida i Norge, Sølvi Sogners ... og skuta lå i Amsterdam* og Kariin Sundsbaks *Life experiences, social mobility and intergration. The migration of Norwegian women to Amsterdam and Hoorn*. Desse bøkene kunne ikkje ha vorte til utan kontakt med primærkjelder. **Med nederlandskkompetansen min har eg sjølv hjulpt ein av desse forfattarane med å lesa originalkjelder. Eg hjelper òg regelmessig kunsthistorikarar, historikarar, arkeologar og slektshistorikarar og andre til å lesa kjelder på tidlegmoderne nederlandsk. Dette er kunnskap som er etterspurd på ei rekkje felt i Noreg.**

Sist bør òg nemnast at nederlandskundervisninga i i perioden 2015–17 fekk NOK 37 000 frå Det nederlandske språkrådet (Nederlandse Taalunie).

Vedlegg 2: Framlegg til stillingar i nederlandsk (av Ronny Spaans)

Punkt frå tysk- og nederlandskmiljøet om ei eventuell stilling i nederlandsk:

Vi tilrår fyrst og fremst ei eiga stilling i nederlandsk, då som utlysing av ei fyrsteamanensis-stilling. Undervisninga i dag i 40-talsgruppa tilsvare nemleg all undervisningsplikt til ein fyrsteamanuensis.

Grunngjeving:

Om undervisningsplikt og nederlandsk:

For å kunne tilby 40-gruppa i nederlandsk vil størsteparten av undervisningsplikta til ei fyrsteamanuensisstilling gå med til det. Arbeidsmengda til ei 40-gruppe er 423×2 timar = **826 timar**.

Sjå:

<https://www.uio.no/for-ansatte/ansettelsesforhold/arbeidstid-og-fraver/arbeidstid/arbeidspliktregnskap/uv/ils/arbeidsplikt.html>

«I snitt (2010-2019) bruker vi 423 timer på å undervise i emnene. Dette tilsvare rundt 65 % av en universitetslektors undervisningsplikt per semester. (Men 40-gruppen gis altså over 2 semestre)»

Undervisningsplikta for fyrsteamanuensar og professorar ved HF er 47 % = **797 timar** (779 timar)

Sjå:

<https://www.uio.no/for-ansatte/ansettelsesforhold/arbeidstid-og-fraver/arbeidstid/arbeidspliktregnskap/uv/ils/arbeidsplikt.html>

I ei fyrsteamanuensisstilling i nederlandsk vil altså det meste av undervisninga gå med til 40-gruppa.

Men vi meiner ei slik stilling har mykje å tilby satsingsområda til HF, som skrivet «verdien av å ha nederlandsk ved UiO» grunngjev: globalisme, kulturarv, humaniora saman med naturvitskap. Her kombinasjonsmogelegheiter som vil vera til nytte for HF.

Fagmiljøet spør om ei kombistilling med tysk – i og med at dei to stillingane i tysk var planlagde før Ingeborg Sanners uventa avgang i vår. Tyskmiljøet er for lite til at det kan unnvera plass i desse stillingane til nederlandsk.